



Fyresdal kommune, sektor for kultur og oppvekst

## Handlingsplan/rutine når barn blir borte på tur

**Ein vaksen tek ansvaret for situasjonen og fordeler oppgåver.**

### Tiltak:

#### 1. Få oversikt over situasjonen

- a. samle barna
- b. tel barna og finn ut kven som er borte

#### 2. Avklare kva som er skjedd

- a. sjå på klokka. Merk tidspunkt for oppdaging av at barnet er borte.
- b. spør om når og kor barna sist såg barnet som er borte
- c. avklar når og kor tilsette sist såg barnet som er borte

#### 3. Fordele oppgåver mellom dei vaksne

For å få mest mogeleg effektiv leiting etter barnet må tilsette ta kvar si oppgåve

- a. avklar kven som skal vere saman med barna. Det er ofte nok med ein person om ein er på eit lite, avgrensa og trygt område
- b. avklar kven som skal leite og eventuelt tilkallar hjelp frå barnehagen.
- c. kontakte styrar og eventuelt politiet.
- d. dersom ein tilsett er aleine på tur må ein tilkalle hjelp frå barnehagen. Ta alltid med mobiltelefon.

#### 4. Snakke med dei andre barna om barnet som er borte

For at ikkje dei andre barna skal bli engstelege og forsvinne er det viktig å snakke om at:

- a. nå leitar ein vaksen etter barnet
- b. det beste barna kan gjere er å høyre godt etter kva den vaksne seier og vere saman i gruppa
- c. aktiviser barna med andre ting, medan ein ventar på dei som er ute å leitar.

#### 5. Leite

- a. fordel oppgåver mellom dei tilsett
- b. ein tilsett er saman med barna på den staden ein oppdaga at barnet var borte.
- c. resten av dei tilsette leitar etter barnet som er sakna. Avtal med kvarandre kor ein skal leite.
- d. ta med mobiltelefon for raskt å kunne informere dei andre.

## 6. Kor skal ein leite

- a. leit fyrst i området frå staden der ein merka at barnet er borte til der barnet sist blei sett.
- b. er det farlege områder i nærleiken, t.d vatn, så gå dit og leit.
- c. kan barnet ha gått i ein annan retning?
- d. kan barnet ha gått tilbake til barnehagen? Kontakt barnehagen og be dei leite i området.
- e. kan barnet ha gått heim?

## 7. Kor lenge skal ein leite?

- a. Er barnet ennå ikkje funne, skal ein **varsle politiet og foreldre. Sjå rutinar for varsling av føresette. Sjå rutine for varsling av politiet.**
- b. Barnehagestyrar overtek ansvar for leiteaksjon, evt i samarbeid med politiet
- c. **dersom ein har god grunn for mistanke om kidnapping eller ein farleg situasjon skal ein kontakte politiet snarast mogeleg på tlf 112.**
- d. tilsette fortset leitinga til politiet kjem og overtek ansvaret.

## 8. Ta seg av dei andre barna

- a. dersom ein ikkje finn barnet innan rimeleg tid og må setje i gang ein større leiteaksjon, bør dei andre barna tilbake til barnehagen. Ein tilsett fylgjer barna tilbake eller ber om hjelp til dette frå barnehagen. Desse barna skal ha oppfølging av ein tilsett.
- b. Tilsette skal informere føresette til desse barnet om hendinga når politiet er kopla inn.
- c. det er viktig at ein spesielt tek seg av sysken til barnet som er sakna.
- d. evt må tilsette frå barnehagen gå tilbake til leiteområdet etter at involverte barna er trygt tilbake i barnehagen.
- e. politiet vurderar evt kontakt med kriseteam i kommunen.

### Vidare arbeid:

- det skal førast ein logg i etterkant av leiteaksjonen. Denne skal brukast som dokumentasjon og til debrief. **Sjå mal for logg.**
- Evt. Bruk av kriseteam
- Mediehåndtering. Ansvar: styrar i barnehagen.
- Oppfølging av familie
- Oppfølging av barn i barnehagen
- Oppfølging av tilsette i barnehagen
- Informasjon til andre føresette